



William Hut i aksjon i Dønhaugkjedlaren. I jula kjem han att på läven! (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Festidalen skal ha stor julefest på Dønhaug 2. juledag som ein skikkeleg opptakt til sjølve festivalen 31. juli og 1. august. Trekkplaster blir William Hut, den dyktige songaren frå Bergen som etter kvart har vorte kjent og populær på våre kantar. Han har vore på Dønhaug fleire gongar før. Snart kjem han med singelen "In your arms" og på nyåret følgjer han opp med "Silent Hum".**

- Vi har ØI og vinrett og kan garantere ein julepynta og oppvarma låve. Billetter vil bli lagt ut på følgande stader: SPAR Uskedalen, SPAR Rosendal og Statoil Husnes og kan og reserveres på epost til [post@festidalen.no](mailto:post@festidalen.no) opplyser Sveinung M. Pile i ei pressemelding.

Han held fram:

- Det er med stor glede å melde at Festidalen er i full gang med oppkjøringa til Festidalen 09. Etter eitt års pause kor me har nytta tida til å slappe litt av og tenke på kvar vegen skal gå vidare.

Den 31. juli og 1. august 2009 skal musikken atter ljome mellom Uskedalsfjella. Det vil bli ein noko meir folkelig musikkprofil, men me skal fortsatt strebe etter å overraske og begeistre med kjente og ukjente norske som utanlandske band. Innan kort tid kjem me til sleppe første hovedband på Festidalen 2009.

Me er glade for å kunne melde at styret og organisasjonen er kraftig utvida. Vi har fått med oss Hege Sætveit Eikenes, Kathrine Haugland, Odd Henning Saghaug, Eirik Sævareid (økonomi) og Yngve K. Holmsen i styret, i tillegg til Morten Vevatne (styreleiar), Eilif Myklebust, Daidalos Dahle (booking) og Sveinung M. Pile (Festivalsjef). Me jobber no med å etablere resten av organisasjonene som enda ikkje er heilt på plass. Har du eit ønske om å bidra, ta kontakt med Odd Henning Saghaug.

Festidalen skal vera Kvinnherad sitt kulturbeite. Ein festival fylt av engasjerte menneske; musikarar, kunstnarar, ungdom og vaksne, som samarbeidar om å skapa identitet for heile kommunen. Festidalen skal overraske og utfordre, og syna at bygda og kan vera urban. Me vil at Festidalen skal gje alle som deltek ei kjensle av stoltheit og samhold.

I tillegg til å lage ein rockefestival, ynskjer vi å engasjere og utfordre andre kulturformidlarar i distriktet for å eventuelt inngå eit samarbeid med Festidalen. Det er bare å ta kontakt med ein av oss for å presentere det du/dere har lyst å bidra med.

Me er så heldige at vi har med oss vidare vår gode samarbeidspartner Noreq AS i tillegg til Sparebank1 Kvinnherad. Me har også hatt ein veldig god dialog med avdelinga for kultur i Kvinnherad kommune, og saman skal me jobbe for å gjere Kvinnherad til ein enda meir attraktiv festivalkommune. Me ynskjer at Festidalen skal ha ei brei lokal forankring, og saman med kommune og samarbeidspartnarar ynskjer me å engasjere heile den flotte kommunen vår. Festidalen skal vere ein arena for unge som gamle, tilflytta som utflytta, bygdefolk som byfolk. Alle har noke å bidra med hos oss!

For meir informasjon kontakt Sveinung M. Pile 40 44 47 56  
[sveinung@festidalen.no](mailto:sveinung@festidalen.no)  
[www.festidalen.no](http://www.festidalen.no)  
Også på facebook